



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Seksjon for opptak

Vår referanse	Vår dato
14/00186-17	01.06.2017
Deres referanse	Deres dato
16/7356	09.03.2017

## Høyring - Forslag om endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning

Vi viser til brev av 09.03.2017 med forslag om endring av § 7-13 i Forskrift om opptak til høgre utdanning om rangering på grunnlag av særskild vurdering.

Norges Handelshøyskole (NHH) er samde i endringsforslaget om at regelen om kva som skal vere grunnlag for særskild vurdering ikkje er tydeleg nok. Den foreslåtte presiseringa i § 7-13, 3. ledd vil vere eit steg i riktig retning for å klargjere at det er resultat frå vidaregåande opplæring, og ikkje eventuelle seinare studium eller prestasjonar som skal leggjast til grunn i ei særskild vurdering. Presiseringa vil forhåpentlegvis føre til færre ugrunna søknadar og betre grunngevinger.

Når det er sagt, ønsker vi å bruke anledninga til å peike på fleire utfordringar med § 7-13 om rangering på grunnlag av særskild vurdering. NHH meiner det er mykje som gjenstår før vi får klare reglar rundt - og rettferdig saksbehandling av særskild vurdering.

### Formuleringa «andre spesielle forhold»

I Forskrift om opptak til høgre utdanning § 7-13 (1) kan søkarar gis særskild vurdering (SV-) dersom dei har «[...] (et) annet morsmål enn norsk, funksjonshemming eller andre spesielle forhold (som) gir grunn til å anta at søkerens karakterpoengsum etter bestemmelsene i § 7-5 til § 7-7 ikke gir et riktig bilde av søkerens kvalifikasjoner».

Ordninga med særskild vurdering er altså aktuell for

- Elevar som har blitt råka av funksjonshemming, sjukdom, ulykker eller andre uføresette hendingar som gjer at karakterane ikkje reflekterer kunnskapane deira.
- Elevar som har eit anna morsmål enn norsk og som har fullført vidaregåande opplæring i Noreg med kortare butid enn 6 år.

Mange elevar trur at formuleringa «andre spesielle forhold» gjeld ei større gruppe enn det som må ha vore lovgjevares intensjon. Fordi «andre spesielle forhold» blir tolka så vidt, får sektoren mange søkarar som ikkje har grunnlag for å bli SV-vurdert i det heile. Musikararar, ungdomspolitkarar,

toppidrettsutøvarar, i det heile ei rekke elevar som har valt å bruke tida si på andre ting enn skule og lekselesing. NHH si erfaringsutveksling med andre lærestadar viser at mange søkarar kan oppfatte ordninga som ein snarveg inn på høgare utdanning utan å bli vurdert etter vanlege kriterium. Vidare tolkar mange elevar lovteksta til å handle om kva slags potensiale dei har. Dei spesielle forholda, som til dømes 30 timer per veke med trening, øving eller kommunestyredeltaking, blir til hinder for at søkaren får vist kva hen eigentleg kan. Eleven si vurdering av sitt potensiale blir «eit spesielt forhold» i seg sjølv.

### **Likebehandling av særskild vurdering-søkarar (SV-søkarar)**

I si høyringsfråsegn om endringar i Forskrift om opptak til høgare utdanning (F-01-15) av 16.11.2015 peika NHH på manglar ved likebehandling i søknadar om særskild vurdering. I årevis har vi sett tilfelle av ulik og sprikande saksbehandling av SV-søkarane frå institusjon til institusjon. Det skal vere sagt at vurderinga *skal* vere subjektiv og at det er ulike opptakskrav på dei ulike studia søkar har sendt sine dokument til. Likevel har vi observert opp til fleire ulike konklusjoner frå dei ulike saksbehandlande institusjonane i same sak. Ulike konklusjonar skapar forvirring hjå søkaren og kan medføre klager. Forvirringa gjeld særleg dersom det er usemje mellom institusjonane om søknaden i det heile kan sakshandsamast.

Nasjonal Klagenemnd har laga ein rettleiande «guide» til korleis ein kan behandle SV-søkarar likt. Kort oppsummert skal ein her stille følgande spørsmål:

1. Finst det spesielle forhold som kan gi grunnlag for særskild vurdering?
2. Er det sannsynleggjort at desse forholda har påverka karakterane slik at dei ikkje gir eit riktig bilde av søkar sine kvalifikasjonar?
3. Har søkar likeverdige ferdigheiter og kunnskapar med dei som kjem inn etter vanlege poengreglar?

NHH har fulgt desse rettleiande spørsmåla i saksbehandlinga av SV-søkarar. Av eigen erfaring veit vi at dei fleste sakene som blir behandla, får umiddelbare avslag fordi dei får eit «nei» allereie på steg 1 i trestegsprosessen.

### **Tilrettelegging eller manglande tilrettelegging i den vidaregåande opplæringa**

SV-søkarane har til no i varierende grad lasta opp dokumentasjon frå den vidaregåande skulen om tilrettelegging. Dei som har motteke tilrettelegging blir bedne om å laste opp eit skjema om kva slags tilrettelegging dei har fått. I enkelte tilfelle legg søkarane i tillegg ved fråsegner frå lærarar om deira vurdering av søkarens ferdigheiter. NHH meiner at dette strengt tatt ikkje burde vere nødvendig – lærar skulle i utgangspunktet ha satt akkurat den karakteren han/ho meiner elevens kunnskaper svarar til. Følgeleg, dersom søkaren meiner han/ho ikkje har fått tilstrekkeleg tilrettelegging, meiner vi dette er ei klagesak som tilhøyrer den vidaregåande skulen og den aktuelle fylkeskommunen, ikkje den saksbehandlande institusjonen.

NHH meiner at ordninga med særskild vurdering for *standpunktkarakterar* i vidaregåande opplæring er ei overprøving av den vurdering lærar i vidaregåande opplæring gir etter opplæringslova. Vi meiner at faglærar kjenner sine eigne elevar, deira kunnskapsnivå, pensum, vurdering og karaktersetting best. Opptakskontora ved dei ulike institusjonane skal rangere og vurdere dokumenterte kunnskapar, ikkje vurdere om karaktersettinga er rett eller om tilrettelegginga har vore tilstrekkeleg. For opptakssektoren er det naudsynt å ha tillit til at karakteren som er satt av ein faglærar, reflekterer faktiske kunnskapar. Etter det vi kjenner til er det nettopp denne vurderinga lova med forskrifter seier at lærar er pliktig til å gjere. Det gir difor lite meining at vi som sakshandsamarar i etterkant skal vurdere faglærars karaktersetting og om ein elev kan har meir kunnskapar enn det standpunktkarakterane på vitnemålet gir uttrykk for.

## Forslag til endringar

### 1. Kven skal særskild vurderingsordninga gjelde for?

NHH foreslår at vurderinga skal gjelde for:

- Elevar som har blitt råka av sjukdom, ulykker eller andre uføresette hendingar som gjer at *eksamens*karakterane ikkje reflekterer kunnskapane, og der dette kan dokumenterast.
- Elevar som har eit anna morsmål enn norsk og som har fullført vidaregåande opplæring i Noreg med kortare butid enn 6 år.
- Elevar som kan dokumentere at dei har hatt krav på tilrettelegging i vidaregåande opplæring utan å ha fått det.

Ordninga skal ikkje gi ei vurdering av søkar sitt potensiale eller seie noko om kva søkar kunne prestert om vedkommande var frisk, tilstades eller brukte tida på å gjere lekser framfor andre friviljuge aktivitetar.

### 2. Sentralisering og effektivisering

NHH foreslår at opptak på grunnlag av særskild vurdering skal sentraliserast. Det er ikkje mange SV-søkarar per opptak per institusjon, men det er tidkrevjande saker. Etter eigne berekningar anslår vi at det vert brukt rundt éin arbeidsdag per SV-søkar på NHH. I og med at mange søker til fleire institusjonar og sakshandsamast lokalt, vil ein spare tid ved ei sentralisering.

Det er ønskeleg at ei slik sentralisering blir gjort hjå Samordna Opptak. Alternativt kan ein sette ned ei nasjonal opptaksnemnd samansett av tilsette frå ulike høgare utdanningsinstitusjonar, eller sentralisere den særskilde vurderinga hjå søkarens førstevalg (B-rolla) slik det blir gjort i det vanlege opptaket.

NHH foreslår at vurderinga om

1. Finst det spesielle forhold som kan gi grunnlag for særskild vurdering?

2. Er det gjort sannsynleg at desse forholda har påverka *eksamens* karakterane slik at dei ikkje gir eit riktig bilde av søkar sine kvalifikasjonar?

blir gjort av sentralisert sakshandsamar og at spørsmål 3 «Har søkar likeverdige ferdigheiter og kunnskapar med dei som kjem inn etter vanlige poengreglar?» blir vurdert lokalt. Slik får dei lokale opptaksnemndene kun søkarar som *faktisk* kvalifiserer til særskild vurdering, og det einaste nemndene skal avgjere er om søkarane ligg nære nok den karaktergrensa det blir på det respektive studiet dei søker.

### Oppsummering

NHH er samde i endringa i § 7-13 som Kunnskapsdepartementet foreslår og meiner denne burde implementerast så snart som råd. Alt anna som er peika på i dette høyringssvaret er nemnt fordi vi ønsker å gjere prosessen rundt særskild vurdering meir rettferdig, meir effektiv og – kanskje viktigast – meir pårekeleg for både søkar og utdanningsinstitusjon.

Med vennlig hilsen

Jorun Gunnerud  
Studiesjef

Heidi Sund  
Kontorsjef

Dokumentet er godkjent og ekspedert elektronisk uten signatur

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Kunnskapsdepartementet		Postboks 8119 Dep	0032 OSLO